

vedlegg 12

**Tor Kyrre Hegle**

**Fra:** Tor Hegle  
**Sendt:** 11. mars 2015 15:30  
**Til:** Torgeir Arne Lid  
**Emne:** SV: Svar på førespurnad om godkjend byggeplan for Såta E - felt 7

Hei.  
 Eg ser at Såta-planen (Id.: 1263-16051983) er føresegnene av 10.10.1990. Her går fram at Grad av utnytting er vist i plankartet.  
 Den versjonen av plankartet av 06.02.1989, viser  $U=0,25$ . Planen er vedtatt av kommunestyret 06.04.1989.

På lenka: <http://www.dibk.no/no/BYGGEREGLER/Temaveiledninger/Grad-av-utnytting/> finn du rettleiinga for tolking.

Under kapittel 5 er det opplyst om tilhøvet til eldre planar. På side 55/56 går det fram at Byggeforskrift 1987 og NS 3940 2. utgåve skal leggest til grunn. "Kap 22 Grad av utnytting (endret). : 1 Grad av utnytting fastsettes i bestemmelsene til reguleringsplan eller bebyggelsesplan. Bestemmelsen skal angi: a) tillatt bebygd areal, eller b) tillatt bruksareal, eller c) tillatt tomteutnytting"

Det går fram av korrespondanse mellom Lindås kommune og utbyggar (Brev frå Villanger&Sønner av 06.11.1996.) at areal-rekneskapet er tufta på Bygd Areal. Dette gjeld (heile) område 7 som (den gongen) er opplyst å vere 8152 m<sup>2</sup> og bygd areal 2002 m<sup>2</sup>.

Med helsing  
 Tor Hegle, Avdelingsleiar Byggesak, Lindås kommune.

-----Opprinnelig melding-----

**Fra:** Torgeir Arne Lid  
**Sendt:** 10. mars 2015 22:41  
**Til:** Tor Hegle  
**Emne:** SV: Svar på førespurnad om godkjend byggeplan for Såta E - felt 7

Hei, og takk for tilbakemelding!

Nei, det er ikkje reguleringsplan for Såta E eg er ute etter.

Eg var på byggjesaksvakta tysdag 3. mars med spørsmål angående utnyttingsgrad på tomtane i Såta E- felt 7 i Knarvik. Eg kjenner godt til reguleringsplanen, som du gjev meg link til, men spørsmålet mitt til byggjesaksvakta denne dagen var om utnyttingsgrad på tomtane vert berekna etter BRA på husa eller BYA på husa. Byggjesaksvakta konkluderte med at utnyttingsgrad vert rekna etter BRA, men at utnyttingsgraden på 25% gjeld for heile felt 7, og ikkje for kvar enkelt tomt. Fekk derfor beskjed om å henvende med til arkivet for å få tak i godkjend byggeplan for Såta E- felt 7, for å finne ut kor stor den totale utnyttingsgraden er i feltet etter at det blei utbygd seint på nittitalet.

Bakgrunnen for at eg treng denne informasjonen er at vi ønskjer å byggje på tomannsbustaden vår, og om det i samband med det må søkjast om dispensasjon frå utnyttingsgrad.

Mvh.  
 Torgeir Arne Lid

---

**Fra:** Tor Hegle  
**Sendt:** 10. mars 2015 15:14  
**Til:** Torgeir Arne Lid

Emne: Svar på førespurnad om godkjend byggeplan for Såta E - felt 7

vedlegg 12 b

Torgeir Arne Lid  
Torgeir Arne Lid  
Oterdalen 66  
5914 Isdalstø

Referanser:

Saksbehandlar:

Dato:

Dykkar:

Tor Hegle

10.03.2015

Vår: 15/5 - 15/5680

[Tor.Hegle@lindas.kommune.no](mailto:Tor.Hegle@lindas.kommune.no)

Svar på førespurnad om godkjend byggeplan for Såta E - felt 7

Eg forstår førespurnaden din som at du ynskjer informasjon om gjeldande reguleringsplan for området.

Reguleringsplan for Såta E har arealplanid: 1263-16051983, og du kan hente planen på denne linken:  
<http://braplan.geoweb.no/braplan/>

Med helsing

Tor Hegle

avdelingsleiar

Vedlegg 12c

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kopi til:

Mottakarar:

Torgeir Arne Lid

Oterdalen 66

5914

Isdalstø